

BØMLO KOMMUNE

- plassen å bu, leva og jobba!



Som lærar på Bømlo vil du ikkje berre få ein givande karriere – du vil også vera ein del av eitt samfunn som verdset fellesskap, læring og utvikling. Her delar tre lærarar frå Meling skule sine historier om kvifor Bømlo er ein fantastisk stad å bu, leva og jobba.

DET ER TIDLEG MORGON PÅ BØMLO, og den vakre sjøen ligg blank, stille og bada i morgonsol. På Meling skule dansar alle Bli med-dansen i friminuttet, elevar som lærarar. Dei sistenemnte viser stolt fram arbeidsplassen sin.

I gongane høyrer du den muntre lyden av småprat, helsing, latter og klirrande kaffi-koppar. Stemninga er triveleg og innbydande, og det faglege miljøet er både lærerikt og sosialt. Kanskje det nettopp er difor at så mange vel å jobbe her over lengre tid?

Bømlo kommune er kjend for sitt sterke fellesskap og sin praktfulle natur. Det er eit trygt,

inkluderande og levande samfunn, med mange og store moglegheiter. Bømlo ligg langs kysten, og byr på tallause friluftsmoglegheiter – anten du føretrekk lange fotturar, kajakkpadling mellom øyane eller fisking. Her har du lett tilgang til både fjord og fjell!

LENE FOSSDAL GJØSTEIN (33) har forelska seg i den vakre naturen på Bømlo. Ho er oppvaksen på Osterøy, men for 13 år sidan flytta ho og kjærasten til heimstaden hans. Dei har ikkje sett seg tilbake sidan.

- Det var rett tidspunkt for oss å flytta. Me ynskja å bu trygt og godt, og ein stad me hadde tilknytning til, så Bømlo kjentest rett. Her har eg alltid kjent på ein ro, og ein tryggleik. Me stortrivst her, fastslår ho.

Då Lene flytta til Bømlo, jobba ho som frisør på deltidd og prøvde seg i forskjellige vikarstillingar. Det var når ho var vikar på Sortland skule at ho fann si lidenskap.

- Her fann eg ut at eg ville jobba med menneske, og då spesielt barn. Eg fann det så meningsfullt og fint - det er noko med den tilliten du får frå barn som gjer noko med deg.

Lene tok påbygg på Bømlo, og deretter byrja ho på lærarutdanning ved høgskulen på Stord medan ho hadde to små jenter.

- Det var ei travel tid, men absolutt verd det!

I dag er ho kontaktlærar for tredje klasse på Meling skule – ei rolle ho ser på som svært meningsfull og givande.

- Det er fantastisk å vera lærar her. Meling skule er passeleg stor, noko som gjer at ein kan byggja gode og sterke relasjonar til elevane og kollegaene sine. Læreryrket er svært givande, og arbeidsdagane er både innhaldsrike og varierte. Eg set pris på å få vera den trygge vaksne elevane kan koma til kvar dag, smiler ho.

DET ER TYDELEG AT LENE brenn for arbeidet sitt. Som lærar er ho oppteken av at elevane skal trivast og læra på ein kreativ måte. Ho tar ofte i bruk naturen i undervisninga, noko ho meiner gir ei unik læringsoppleving.

- Når me har ein slik fantastisk natur, og så mange flotte fasilitetar i nærleiken, er det viktig å ta det i bruk. Me går i turloppene, kosar oss i gapahuk, eller spaserer ned til kulturhuset og nyttar oss av det flotte og moderne biblioteket. Me er også heldige som har tilgang til den store svømmehallen i Svortland, og gå-avstand frå skulen og ned til sjøen, noko som er heilt magisk, og som ein ikkje får i storbyar.

Ho skryt også over fasilitetane på Meling skule, som for fire år sidan fekk eit flott og moderne tilbygg med store klasserom og topp moderne utstyr.

- Nybygget er verkeleg blitt flott. I tillegg har skulen eit stort uteområde for både læring og lek. Her manglar me ikkje noko!

DET GODE ARBEIDSMILJØET bidreg også stort til trivelsen hennar. Og som nyutdanna lærar på Bømlo, drog Lene godt nytte av nettverksamlingar for lærarar i regionen.

- Eg har utruleg dyktige og kjekke kollegaer, som inspirerer og motiverer meg kvar dag. Me finn på mykje kjekt saman, også etter jobb. Nettverksamlingane i regionen var også viktige for meg som tilflyttar, og som nyutdanna lærar. Her møtte eg andre i same situasjon, delte erfaringar og kunnskap, og inspirerte kvarandre. Det er tydeleg at Bømlo kommune satsar på sine tilsette, og legg til rette for utvikling og vidareutdanning, fortel Lene.

Ho knytte seg raskt eitt nettverk då ho flytta til Bømlo. Ho beskriv Bømlingane som opne og imøtekommande.

- I dag kan eg vell seia at eg har eitt større nettverk enn kjærasten min, som er oppvaksen her, ler ho.



Lærarane Eirin, Petter og Lene (sidan Lene sit nede til høgre).

I dag bur Lene og sambuaren med deira to barn på Nese, og nyter godt av det avbalanserte og innhaldsrike livet Bømlo har å by på.

- Når ungane ikkje er på fritidsaktivitetar, likar me å nytta dagane i naturen – anten om det er på sjøen eller i skogen. Eg var ikkje sjøvant når eg flytta hit, men det har eg måtta bli. No elsker eg å dra ut i båt med ungane, anten for å fiska eller gå ut i dei mange flotte øyane om sommaren. Om hausten er me ivrige hummarfiskarar. Elles går eg tur i fjella, som mellom anna Siggjo, som har ei slående flott utsikt. Bømlo er rett og slett ein unik og god stad å bu, smiler Lene.

PETTER LEKNES LIED meiner at Bømlo er ein av dei beste stadane å kalla heime. Etter fleire år i Bergen, vendte han, kona hans og deira to små barn tilbake til heimstaden hans med ei klar overbevisning:

- Den friheita og roen du får på Bømlo, finn du ikkje andre plassar, smiler han.

- EG HAR SÅ DYKTIGE OG KJEKKE KOLLEGAER. ME INSPIRER OG HEIAR PÅ KVARANDRE, OG FINN PÅ MYKJE KJEKT SAMAN, OGSÅ ETTER JOBB.

Familien likte seg godt i Bergen, men då dei fekk sitt andre barn, ønska dei ein tryggare og rolegare kvardag. Petter var ivrig etter å venda tilbake til fantastiske turmoglegheiter, vakre solnedgangar og eit lokalsamfunn som verkeleg bryr seg.

- Eg hadde eitt stort ønske om at barna våre skulle få dei same forutsetningane som eg hadde under oppveksten. Bømlo er ein trygg og god stad å veksa opp, med mykje fleire moglegheiter enn ein gjerne trur. Det tar berre ein halvanna time å reise til Bergen, noko som gjer det enkelt å kombinera det beste frå to verdar. Med den korte avstanden kan ein nytta seg av dei mange moglegheitene i storbyen, utan å gi avkall på tryggleiken og roen ein har her på Bømlo. Kona mi, som kjem frå Moss, var ikkje vanskeleg å be, ho er like glad i naturen som meg. Då Petter og familien flytta til Bømlo, hadde han nyleg blitt permittert frå hans tidlegare arbeidsplass grunna oljekrisa. Han stod difor utan jobb.

- Eg trefte tilfeldigvis på ein tilsett på rådhuset, og då kom me i snakk om situasjonen min. Etter denne samtalen fekk eg tilbod om vikarjobb på barneskule, noko som fekk meg til å villa ta lærarutdanning. Eg fann stor glede i å arbeida med barn.

Då Petter hadde fullført lærarutdanninga, fekk han fast jobb som lærar på Meling skule. - Og kona mi fekk jobb som sjukepleiar, så me begge er tilsette i kommunen, og stortrivst. Bømlo kommune er ein god og trygg arbeidsgivar, som tar vare på sine tilsette.

Som lærar er du ein viktig rollemodell og ein trygg vaksen for elevane. Det å sjå og oppleve meistringskjensla til barna på nært hald kvar dag, meiner Petter gjer læreryrket til ein draumejobb.

- Eg har verkeleg ein fin og givande jobb. Det å få ta del i utviklinga til barna i denne fasen av livet, og gi dei gode og trygge rammer, ser eg på som eitt privilegium.

Petter er einaste mann som lærar ved Meling skule, og sjølv om han trivst godt med sine kvinnelege kollegaer, skulle han gjerne sett fleire menn i læreryrket.

- Det er viktig at elevane har både mannlige og kvinnelige rollemodellar i skulekvardagen, understrekar han.

FOR EIRIN TOTLAND var valet om å bli buande på Bømlo enkelt. Som oppvaksen her, og med lærarutdanning fullført på Stord, såg ho ikkje for seg ein anna stad å bu, jobba og leva.

Akkurat som Petter, ønska ho at barna skulle få veksa opp slik ho sjølv gjorde: omgjeven av vakker natur, med tryggleik, friheit og rom til å vera barn.

- Det er berre ein stor fordel å bu på Bømlo. Her er det trygt og godt, og ikkje minst romsleg. Her bur ein ikkje tett i tett, og det er mange flotte tomter tilgjengeleg. Ein kan kjøpa eller byggja hus utan at det kostar skjorta, slik det gjer i byane. I tillegg har du alt du treng i nærleiken – vakker natur, sjø, majestetiske fjell og stort utval butikkar- og kultur- og idrettstilbod.

Erin si reise mot læreryrket var ikkje heilt lineær. Ho begynte først med ei utdanning innan økonomi og administrasjon, men etter kvart fann ho ut at ho ville jobba tettare på menneske.

- Eg heiv meg uti det og byrja på lærarutdanninga på Stord. Eg kjente fort at dette var det rette – eg ville jobba med barn i deira mest formbare fase. Det er utruleg gjevande å skapa gode relasjonar til elevane og vera ein viktig del av deira utvikling.

Ho har sidan bygd vidare på kompetansen

sin gjennom tilleggskurs og adjunktutdanning.

- Bømlo kommune er ein arbeidsgivar som legg til rette for sine tilsette, og som har eitt sterkt fokus på utvikling, noko eg er svært takksam for. I dag sit eg med mykje god kompetanse – ein kompetanse eg meiner er heilt naudsynt å ha som lærar i dag, fortel Eirin og held fram.

- Som lærar får du mykje ansvar, og har stor påverknad på barna sitt liv. Du lærer også noko nytt så godt som kvar dag om deg sjølv og elevane. I 1. klasse går dei ifrå å ikkje skjønna meininga med bokstavar, til å kunna lesa, og den glede smittar over på meg.

PÅ MELING SKULE er Eirin ansvarleg for trivselsleiarprogrammet – eit initiativ som har som mål å hindra utanforskap, og skapa eit aktivt og inkluderande miljø i friminutta.

- Det er viktig for meg at alle barna har noko å gå til i friminutta. Ingen skal kjenne på utanforskap. Eg er stolt over kor godt me får til dette programmet her på Bømlo, smiler ho.

Saman med ektemannen og deira to barn, har ho funne seg godt til rette på Rubbestadneset.

- Her er alle som ein stor familie. Naboskapa er så gode, og ein finn på mykje morosamt saman. Alle er så opne og uredde for å engasjera seg.

Ho meiner å delta i idrettslag og dugnadsarbeid er gode måtar å finna likesinna og knyta band i lokalsamfunnet. Ho trekkjer også fram det gode næringslivet på Bømlo.

- Her vil dei fleste kunna finna ein jobb som passar dei!

VURDERER DU Å FLYTTA HEIM ELLER STARTA EIT NYTT KAPITTEL I LIVET DITT PÅ VAKRE BØMLO? HER FINN DU BÅDE JOBB, TRIVSEL OG MOGLEGHEITER!

Jobb i kommunen?
Me har mange spanande stillingar!
www.bomlo.kommune.no/ledige-stillinger

 **Bømlo kommune**
Driftige folk i vakker natur!